



Jentelaget til UIL er klare for kvartfinale etter to kjempekampar i dag.

Onsdagen fekk ein flott start på Ekebergsletta då Uskedalen sitt J14 lag slo til med ein klar 5-1 siger over Nesodden IF i 16-delsfinalen i B-sluttspølet i Norway Cup. Utover dagen skulle det bli meir å jubla for for dette laget medan det vart slutt på cup-eventyret for fleire av dei andre laga. Men alle kunne sjå tilbake på flotte sommaropplevingar i hovudstaden.

Jentelaget til UIL fekk to kampar onsdag. Etter den gode kampen mot Nesodden gjekk dei vidare til 8-delsfinalen. I 5-1 sigeren mot Nesodden var første målet sjølvsmål, medan Åsne Hjelmeland Arnesen, Emma Myklebust Ripel(2) og Ruth Maria Myklebust sette inn resten av måla. Kl.17.15 var det klart for 8-delsfinale. Då møtte dei Kviteseid IL, og jentene fortsette det gode spelet. Dei var klart best og vann fortent heile 5-0. Måla vart sett inn av desse spelarane i denne rekkefølge, Ruth Maria Myklebust, Saima K. Lomheim Døssland, Selma Ovidia Tarberg Guddal, Emma Myklebust Ripel og til slutt fastsette Anna Elisabeth Samland Eik sluttresultatet med ei nydeleg heading. Vår gode kontaktmann Odd Steinar Arnesen fortel at jentene spelar kjempebra og jobbar med topp innsats! I kvartfinalen torsdag kl.12 møter dei MSIL som i dag vann 3-0 over Haugar. Vi heiar og gratulerer!!



Frå J14-laget sin kamp mot Kviteseid i dag.

Gutelaget til Uskedal IL som leverte så imponerende kamp på tirsdag, møtte KFUM kam. Oslo i 16-delsfinalen i B-sluttspillet. Det viste seg å vera knalltøff motstand. Sluttresultatet vart eit heiderleg 1-3 tap, og gutane har absolutt vist at dei kan spela fotball under Oslo-opphelet.

G-16 laget til Rosendal/Uskedalen møtte også svært gode motstandarar frå Nordstrand IF1, og kampen enda med 1-4 tap. Trener Odd Steinar Arnesen melder at dei tapte for eit betre lag, men han er svært godt nøgd med det laget har prestert i turneringa. Han seier han er stolt over det dei har prestert både på og utanfor banen.

J16 laget har også svært mange spelarar frå Uskedalen. Etter å ha gått gjennom innleiingskampane med tre tap, slo dei til med heile 9-0 mot Sauland. Måla vart sett inn av May Beathe Brakstad, Lene Furdal, Lisa Jonetta Ølvestveit, Thea S. Taranger, Hanna Tvilde(2) og Guro Leganger(3). Dermed vart det 16-delsfinale mot Årvoll IL seinare på dagen. Etter ein spennande kamp der Ida Marie K. Eidsvik scora Rosendal sitt mål, var det uavgjort både etter ordinær tid og etter ekstraomgangar. Straffesparkkonkurransen vart ein skikkeleg thriller, og først etter 9 straffar til kvart lag, måtte Rosendalslaget gje tapt, og dermed var eventyret slutt for denne gangen.

For dei andre laga gjekk det slik:

- G13: KFUM-kam. Oslo 1 - Rosendal 8-4, og dermed vart Rosendal slått ut i 64-delsfinalen i A-sluttspillet.
- G14: Rosendal - Nordstrand IF Tigers 3-1 i 16-delsfinale i B-sluttspel. Om Uskedal hadde vunne sin kamp, hadde det artige skjedd at Uskedal og Rosendal hadde møtttest i 8-delsfinalen, to lag som kan sjå tilbake på mange kampar mot kvarandre. I staden møtte Rosendal UIL sine overmenn KFUM-kam. Oslo, og i ein relativt jamn kamp var heile tida Oslo-laget strået kvassare. Dei vann også fortent 5-2 til slutt, og dermed var sette dei også ein stoppar for vidare cup-eventyr for rosendingane.
- G15: Rosendal - Ballangen 4-3 etter sudden death i ekstraomgangar, og gjekk dermed vidare til 16-delsfinale i B-sluttspillet der dei møtte eit godt lag frå Klemetsrud IL. Keeper Kristoffer Hauge frå Uskedalen spelte glimrande, og trass i einvegskøyring i første omgang, var det berre 2-0 ved pause. I 2.omgang var Rosendal langt meir med, samtidig som keeperen fortsette storspelet og reduserte tidleg til 1-2. Kampen vart uhyre spennande. Då ca.10 min gjestod gjorde trenaren eit offensivt byte. Han skifta keeper, og Kristoffer Hauge gjekk fram som spiss. I kampens siste minutt var han tilbake i mål då Klemetsrud fekk straffe. Den gjekk over mål, og dermed enda kampen 3-3 og gjekk til ekstraomgangar. Då dei vart mållause, vart spenninga toppa med straffesparkkonkuransen. Sjølv om nemnde Kristoffer redda 2, vann Klemetsrud den 3-2. Kampens store spelar var utvilsamt det nemnde keepertalentet. Og Uskedalen er godt rusta når det gjeld keeparar. Karsten H. Bjørnebøle har imponert med solid spel på G14 laget gjennom heile turneringa.
- J13: Rosendal - Jerusalem Girls 16-delsfinale i B-sluttspillet vert spela torsdag sidan RT fekk walk over i 32-delsfinale.
- J14: Fagernes - Rosendal16-delsfinale i A-sluttspillet vert spela torsdag sidan RT fekk w.o. i 32-delsfinalen.

Det vart altså mange svært spennande kampar i dag. For mange vart det også slutten på dette eventyret, men det vert spennande også i morgon. Ekstra spennande for oss vert det å følgja med J14-laget til UIL som no ser

ut til å vera inne i ei god flytsone. Kjekt vert det og å følgja med dei to gjenverande Rosendalslaga, J13 og J14, som hadde spelefri i dag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Espen Eik.